

Austrheim kommune
Sætremarka 2
5943 ASTRHEIM

**Avdeling for
Nærings, plan og innovasjon (NPI)**

Dato	05.07.2023
Vår referanse	2022/81546-15
Dykkar referanse	22/719
Sakshandsamar	Lasse Klæboe Kristensen
E-post	Lasse.Kleboe.Kristensen@vlfk.no
Telefon	

Fråsegn til offentleg ettersyn - planendring hyttefelt på Lauvøy - Austrheim kommune

Vi viser til brev datert 13.06.2023 om høyring av forslag til endring av detaljregulering for hyttefelt på Lauvøy. Hovudføremålet med planendringa er å etablere fire nye hytter og to nye naust. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til fritidsbustad.

Vestland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunane i Sogn og Fjordane og kommunane i Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettssidene våre:
www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettleiing.

Vurdering

Planfaglege merknader

Plan- og bygningslova § 2-2 stiller krav om at kommunane skal ha eit planregister som gir opplysningar om gjeldande arealplanar og andre føresegner som sett føringar for korleis areala skal utnyttast. Kart- og planforskrifta følgjer opp med reglar om innhaldet i kommunens planregister. Kommunen skal føre digital arealplan inn i planregisteret før planen sendast på høyring, jf. § 12. Opplysningar om nye vedtak og andre endringar skal førast inn i registeret snarast mogleg, jf. § 15. Vi ser ikkje at reguleringsplanen for hyttefeltet på Lauvøy med planid 2022002 er oppdatert i digitalt planregister med det nyaste planmaterialet.

Kulturminne og kulturmiljø

Innafor planområdet for detaljregulering for Lauvøy, Austrheim kommune ligg ein steinalderlokalitet (Askeladden id. 16072). Viste arealformål FBF11, AVG, V7 og V8 er i direkte konflikt med vern av det automatiskt freda kulturminne. Då føremålet opnar opp for tiltak som kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme lokaliteten eller framkalle fare for at dette kan skje.

Fylkeskommunen sitt mynde

Fylkesdirektøren har mynde til å fremje motsegn til tema i arealplanar som ikkje er av prinsipiell karakter, og som har vesentleg negativ verknad for myndeområda fylkeskommunen skal ivareta. Fylkesdirektøren har delegert myndet vidare til avdelingsdirektør for kultur og folkehelse for motsegn som gjeld plansaker som har vesentleg negativ verknad på regionale og nasjonale kulturminneverdiar. Motsegnssretten er i medhald av Vestland fylkeskommune sitt reglement for folkevalde organ og delegering, datert 08.12.22, avsnitt 41 om lov om planlegging og byggesaksbehandling

Administrativ motsegn

Vestland fylkeskommune fremjar motsegn til planframlegget med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 og i tråd med Rundskriv T-2/16 punkt 2. Kulturmiljøa er av nasjonal verdi (punkt 2a), og konsekvensane er av ein slik karakter at motsegn er naudsynt for å ivareta kulturmiljøinteressene (punkt 2b).

Vestland fylkeskommune fremjar motsegn til følgjande punkt i plankartet:

- Formål fritidsbustadar FBF11 med vist byggjegrense samt formål annan veggrunn AVG og formål veg vist som o_V1, V7 og V8, er i direkte konflikt med automatisk freda kulturminne, Askeladden id. 16072 vist som H730 i plankartet.

Motsegn fell bort når automatisk freda kulturminne er sikra frigjeve gjennom plan.

På bakgrunn av at planen er i direkte konflikt med automatisk freda kulturminne må planen handsamast som søknad om dispensasjon frå kulturminnelova § 8,4. ledd. Dispensasjon frå kulturminnelova avgjerast av Vestland fylkeskommune. For vurdering av dispensasjon skal vi innhente uttale frå Universitetsmuseet i Bergen, som utarbeider tilråding, prosjektplan og førebels utgravingsbudsjett. Dersom dispensasjon blir innvilga må det påreknaast vilkår om utgraving av råka automatisk freda kulturminne. Før vi kan oversende planen til Universitetsmuseet for vurdering må plankart og føresegner rettast opp i tråd med våre innspel. Når dette er retta opp vil fylkeskommunen oversende planen til Universitetsmuseet for handsaming av dispensasjon frå kulturminnelova § 8,4. ledd for automatisk freda kulturminna Askeladden-id 16072.

Sakshistorikk

Vestland fylkeskommune viser til vårt innspel datert 23.09.2022 der vi blant anna skriv følgjande:

«Automatisk freda kulturminne i planområdet skal som hovudregel bevarast i reguleringsplan gjennom arealføremål som ikkje opnar for nye tiltak, kombinert med omsynssoner og tilhøyrande føresegner, jf. plan- og bygningslova §§ 11-8c, 11-8d og 12-6. Automatisk freda kulturminne skal markerast med omsynssone d (SOSI-kode H730), avgrensinga skal omfatte lokalitetsavgrensing samt fem meter sikringssone. Vidare bør det leggjast ei omsynssone c (SOSI-kode H570) i eit større areal rundt lokalitetten for å sikre kulturminnet mot inngrep og skjemming, jf. §3 i kulturminnelova.

Der planen ikkje kan justerast for å ta omsyn til automatisk freda kulturminne, kan det for viktige samfunnsmessige tiltak søkjast dispensasjon frå kulturminnelova for løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne. Tilråding til dispensasjon føreset at Vestland fylkeskommune kan seie seg samd i arealbruken i planen. Eventuell dispensasjon frå kulturminnelova vert gitt etter §8,4. ledd. Dette skjer når reguleringsplanen er lagt ut til offentleg ettersyn. Vi gjer merksam på at dispensasjon frå kulturminnelova vanlegvis blir gjeve på vilkår av nærmere arkeologisk gransking. Etter §10 i kulturminnelova skal slike granskinger dekkast av tiltakshavar. Kulturminne i eventuell direkte konflikt med nye tiltak, og som det dermed må søkjast dispensasjon frå kulturminnelova for, må markerast med føresegnsområde i plankartet, med avgrensing utan 5 meter sikringssone».

Universitetsmuseet i Bergen, som var regional kulturminnemynde ved oppstart av gjeldande plan, gjennomførte ei arkeologisk registrering i 1990. Registreringa resulterte i funn av blant anna Askeladden id. 16072. Museet tilrådde følgjande i brev datert 26.02.1990: «For å sikre lokalitetene mot framtidig inngrep tilrår Historisk museum at parsell 3 trekkes ut av planen og at NV grense i parsell 7 trekkes 5 m mot SØ, jfr. Konklusjon i vedlagte registrerings rapport». Askeladden id. 16072 ligg delvis i parsell 7.

Hordaland fylkeskommune som var regional kulturminnemynde etter 1990 uttalte seg til gjeldande plan i brev datert 26.04.1993 der vi blant anna skriv følgjande: «Dei registrerte steinalderlokalitetane må markerast på planen som bandlagt areal etter som det er snakk om freda område».

Vi kan ikkje sjå at museets tilråding eller fylkeskommunen sitt krav er etterfølgt i plandokument som ligg tilgjengeleg i kommunens digitale planregister.

Plankart innsendt til museet i 1990 viser innregulert felles parkering til hyttene, ikkje private tilkomstvegar. I etterkant er det etablert private tilkomstvegar til hyttene. Vi kan ikkje sjå at det er søkt om dispensasjon frå kulturminnelova § 8,1 for etablerte veg til FBF11 (tidlegare parsell 7) og

FBF9 (tidligare parsell 8). Ny bruk og ulovlege tiltak viser kor utsett automatisk freda kulturminne er for inngrep ved ny aktivitet i planområdet jf. kulturminnelova § 3.

Innsendte plankart viser formål som vert vurdert til å ikkje vere foreinleg med vern av kulturminne (Askeladden id. 16072), FBF11, AVG, o_V1, V8 og V7.

Vidare prosess

Etter fylkeskommunen sin vurdering kan reguleringsplan for Lauvøy godkjennast under føresetnad av at det først blir gjort ei arkeologisk utgraving av det råka kulturminne. I samsvar med kulturminnelova § 10 skal tiltakshavaren bere kostnadene for ei eventuell arkeologisk gransking.

Vedtak om omfang av den arkeologiske granskinga, under dette endelige kostnader og avgrensing av undersøkingsområdet, kan først skje etter at reguleringsplanen er endeleg vedteken. Vi gjer merksam på at ei arkeologisk utgraving normalt berre lèt seg gjennomføre i sommarhalvåret, og at tiltakshavaren må ta omsyn til dette i planlegginga.

Kulturminne med kulturminne-ID 16072 som er i direkte konflikt med nye tiltak, og som det dermed må søkjast dispensasjon frå kulturminnelova for, må markerast med område for føresegns i plankartet, og tildelast nr. 1, med avgrensning utan 5 meter sikringssone.

Denne teksten skal takast inn i fellesføresegnene i reguleringsplanen:

«*Før det blir sett i verk tiltak i medhald av planen, skal det gjerast arkeologisk utgraving av det automatisk freda kulturminne, Askeladden id. 16072 som er markerte som område for føresegn nr. 1 i plankartet.*

Tiltakshavaren skal ta kontakt med Vestland fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan fastsetjast.»

Vilkår for dispensasjon

Dispensasjon frå den automatiske fredinga gjennom planvedtaket føreset at den nemnde teksten ovanfor blir innarbeidd i reguleringsføresegnene.

Strandsona

Dei nye hyttene er plassert vekk frå strandsona, og i tråd med fastsett byggjegrense mot sjø i kommuneplanens arealdel. Dei to nye nausta er plassert i ei vik vekk frå strandsona for å unngå eksponering og inngrep i urørt terreng, og der det alt er ført opp naust og kaianlegg. I føresegnene er det sikra krav til utforming av nausta i tråd med kommuneplanen sin arealdel. Dette er fylkeskommunen positiv til. Vi er også positive til at kommunen har brukt føresegnene til å sikre at det skal vera mogleg for ålmenta å ferda i strandsona, samt framfor og mellom naust/naustumiljøet, og videre at tiltak som privatiserer eller fysisk hindrar ferdsel, til dømes gjærder, leveggar, murar og liknande, er ikkje tillate, jf. §§ 2.3 og 3.2.1.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune har vesentlege merknader til planforslaget. Etter delegeringsreglementet for Vestland fylkeskommune fremtar administrasjonen motsegn for konfliktane knytt til sektoransvara som vert forvalta gjennom kulturminnelova.

Med helsing

Synnøve Stalheim
plansjef
NPI – Plan, klima og analyse

Eva Katrine Ritland Taule
fagansvarleg
NPI - Plan, klima og analyse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Sakshandsamarar

Lasse Klæboe Kristensen avdeling for næring, plan og innovasjon
Sigrun Wølstad avdeling for kultur og folkehelse

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland

Statens hus - Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER